

Storvask for hundreåring

30.05.2012



Glad dugnadsgjeng i den gamle skulen

Når ein forlengst har runda 100 år er det på sin plass med ein skikkeleg vask. Det tykte også kultursjefen og engasjerte naboen til å ta seg av vasken. I dette tilfellet gjeld vasken skulemuseet Haugland gamle skule og forsamlingslokalet Vonheim og den har gått føre seg no i ettermiddag. Oppdraget gjekk til grendalaget for 5000 kroner - ein solid sum for eit lag som ikkje har meir enn den dobbelte summen i årleg inntekt.



Då pultane var ute var det naturleg å leika skule. Det gjorde Karoline E. Myklebust, Torbjørn Haugland, Anders Isdal Myklebust og Nora Huse

Egentleg gjekk oppdraget ut på å vaske innan utgangen av juni, men leiar Britt Torill Mathiesen ville helst utnytte det fine veret og tok jobben på sparket. Ho har hatt med seg Møyfrid Kristoffersen, Bjørg Inga Miljeteig, Svanhild Haugland og Ingunn Myklebust på jobben med innvendig vask av den gamle skulestova. Det er første gongen Vonheimlaget har vaska skulen, men koret Røysterett for alle har gjort det tidlegare.

Som døme på den gode dugnadsånda i området bør det nemnast at mat og serveringspersonell dukka opp utan organisering.

Skolen treng nok også utvendig vask og eit nytt strøk med maling. Men aller først må ein snikkar tilkallast for å skifta ut delar av inngangspartiet. Og etter kva vi høyrer er det allereie gjort.

Det er viktig å ta godt vare på eit så eineståande minne om tida som var. Seinast i samband med Slovenia-besøket dagen før vart det understreka.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen